

Henrik Brigtzen
Bruskedalsreset 86
5115 Ulset

Berit Hoffstad
Helleveien 267
5039 Bergen

Meland Kommune
Komm. avd. for natur – næring og tekniske tenester
Postboks 79
5906 Frekhaug

Ulset 25.02.2014

Att :
Sektorsjef Anny Bastesen / rådgjevar Berit M Eskeland

Sak :
Avkjøysel Flatøy (til 128, gnr1, bnr 399)

Eg viser til mitt brev 24.01.2014. Føremålet med det var å påpeika og sikra våre interesser i samband med det prosjektframlegget Inge Østergård hadde for ovannemnde bruk.
Det er også bakgrunnen for at eg har følgt med på denne saka.

I det siste avslaget til Inge Østergård, datert 21.02.2014 vert det nemnt at det bør sjåast på andre alternativ. Det er ikkje vår sak å leggja oss bort i kva det skulle vera, sett frå hans side. Men eg tillet meg å peika på det eg skriv i to av punkta i brevet 24.01.2014.

Eg har teke muntleg kontakt med grunneigar Sigmund og Hilda Austegard, gnr 1, bnr 12 for å drøfta nærare korleis vår hytte / eigedom kan få gjort vegen meir tenleg for oss.

Dei har ingen negative merknader til at det eg har nemnt som gamal kjerreveg, vert utbetra slik at han vert kjørbar. Etter samtalens laga eg eit notat som eg sende dei og bad om tilbakemelding dersom noko var feil framstelt i notatet. Tilbakemelding har eg ikkje fått. Deretter har eg teke kontakt med ein tidlegare kollega / prosjektleiar i BOB, Arve Smedvik som no har starta eige prosjekterings- og rådgjevingsfirma og bede han skissera korleis utbetring / utviding av vegen kan gjennomførast.

Ved den nemnde kjerrevegen, på motsatt side av der det er aktuelt å utvida, ligg ein gamal jordkjellar. Eg reknar med at denne er automatisk verna, utan særskilt vedtak.

Det ville vera nyttig for oss om ein representant for kommunalavdelingen hadde høve til å sjå nærare på det me planlegg å gjera, før me har lagt ned alt for mykje arbeid i førebuing (kanskje også nyttig for avdelingen før ev sakshandsaming).

Me høyrer gjerne frå dykk i den samanhengen.

Eg legg ved notatet eg skrev etter møtet med grunneigar.

Eg kan treffast på tlf 55 18 04 62, mobil 916 16 972 eller hbrigt@online.no

Berit Hoffstad er medeigar til Flatøyvegen 130, gnr 1, bnr 403 (Kråkhaugen) og er kjend med innhaldet i dette brevet.

Mvh

Henrik Brigtzen